



Hytta får ny bordkledning, fordi den gamle hadde rotne. Biletet er teke laurdag, då vinteren prega landskapet for første gong. (Foto: Endre Nilsen Neset).

Dugnadsleiar Svein Ottar Rørheim utelukkar ikkje at Storhaug-hytta kan vera ferdig-restaurert og klar til bruk til sommaren. Men det står enno att ein stor dugnadsjobb av dei ni grunneigarane som står bak prosjektet.

- Vi har fått opp ny bordkledning på tre av veggane, medan det enno manglar kledning mot sør. Utvendig manglar det også litt på taket over det nye tilbygget som skal romma trafo, ved og anna. Sjølv om vinteren har meldt seg, har vi framleis håp om å bli ferdig med resten av bordkledninga snart slik at vi kan starta på jobben innvendig. Kledningen er nemlig lagra inne, seier Rørheim.

Han har kjørt 11 traktorturar opp på Storhaug med material og utstyr og den første dugnaden var midt i juli.

- Vi har ikkje hatt så mange dugnader sidan, men vi har vore effektive. Og i ferien hadde vi ei heil dugnadsveke, fortel dugnadsleiaren.

Den vel 60 kvadratmeter store hytta, som ligg 575 meter over havet på ei fantastisk utsiktstomt, var basis for ein radiolink. Ho vart bygd av Statkraft i 1975 og var ein lekk i nettet som vart sett opp for å styra kraftanlegga i Mauranger frå sentralen i Sauda. Men etter kvart vart det ikkje lenger bruk for denne formen for kommunikasjon og i samsvar med den opprinnelege avtala gjekk hytta tilbake til grunneigarane.

Den er overteke av ni av dei 18 medlemmene i Flatfjell Utmarkslag, som er for grunneigarane på Kjærland, Rød og Ljosnes. Dei ni andre var ikkje interessert i prosjektet fordi dei har hytte frå før. Hytta inneheld kjøken, soverom, gang og toalett.

Av Ola Matti Mathisen



Storhaughytta er overteke av ni grunneigarar. (Foto: Endre Nilsen Neset)